

Kjære konfirmant og føresette

Velkommen som konfirmant 2024 i Os kyrkjelyd!

Konfirmasjonsdato

Ved påmeldinga av din konfirmant valde de kyrkje, dag og klokkeslett for konfirmasjonen. Dette er då fastlagd, og er datoen de kan planlegge etter.

Konfirmantgruppe

Det same gjeld aktivitetsgruppe; ved påmeldinga vart aktivitetsgruppa valgt.

Oppstart av aktivitetar i denne gruppa startar vi med i september. (Sjå kva dato i oversikten under)

Det kjem eit brev med eigen info om din konfirmasjonsdag, og di aktivitetsgruppe – i posten - ein av dei nærmaste dagane.

Konfirmantsamling, ein onsdag i månaden

Konfirmanten/aktivitetsgruppa møter EIN onsdag i månaden til samling i Tunet. Konfirmantonsdagen startar kl 18.30, i Storsalen i Tunet, og er slutt kl 21.00. Konfirmantopplegget er knytta tett saman med ungdomsarbeidet vårt, og bidreg til å skapa bru mellom konfirmantarbeid og ungdomstilboda.

På onsdagen flettar vi saman aktivitetar, relasjonsbygging og undervisning om kva kristendom, kyrkje og fellesskap er. I tillegg gjer kjennskap til Tunet det lettare for konfirmantane å vera ein del av ungdomsarbeidet vårt elles, om dei ønskjer det.

Program/tidsplan – konfirmantonsdag:

- 18.30 -18.45 Felles samling – info og bibelforteling
- 18.45 – 20.15 – Aktivitetsgrupper
- 20.15 – 21.00 Samling/undervisning i kyrkja

Datoane for oppmøte

Datoane for oppmøte for di aktivitetsgruppe ser du i tabellen her:

<i>Dato - haust:</i> <i>20.sept, 25.okt, 15.nov + Lysmesse 13.des</i>	<i>Dato - haust:</i> <i>4.okt, 1.nov, 29.nov + Lysmesse 13.des</i>
<i>Join Us DANS/ Karoline Olsen</i>	<i>Join Us KOR/ Marthe Duesund</i>
<i>SamanForandre/ Ingrid Vik</i>	<i>Happening/ Martin B. Slåttsveen</i>
<i>Golf/ Roar H. Evjedal</i>	<i>KRIKsport1/ Gro Helen B. Skjælaaen</i>
<i>KRIKsport2/ Jakob Nygard og Ludvik H. Sundfjord</i>	<i>Friluft/ Sylvi Lundgren</i>
<i>Mat og form/ Anne Line Bjånes og Christine Halland</i>	

Oppstart – AVSPARK for konfirmantåret 2023-24

Laurdag 26.august startar vi opp konfirmantåret med ei felles samling for konfirmantane.

Oppmøte i Tunet, Storsalen.

Her skal vi bli litt kjent med kvarandre, leiarane, Tunet, kyrkja og opplegget.

Obs: Konfirmantane møter til ulike tider etter kva aktivitetsgruppe dei tilhøyrer:

Grupper	
Join Us DANS	Kl 10 – 12
Happening	
Join Us KOR	
KRIKsport1	
Nettkonfirmanter	
SamanforAndre	
Mat og form	Kl 13 – 15
Golf	
KRIKsport2	
Friluft	

Presentasjonsgudstenester

Alle konfirmantane skal presenterast for kyrkjelyden ved ei gudsteneste i ei av våre kyrkjer/lokale kyrkjehus. Føresette og anna familie er hjarteleg velkomne med på denne gudstenesta!

Konfirmanten får og utdelt bibelen sin på denne gudstenesta.

Vi fordeler konfirmantane på presentasjonsgudstenestene slik:

Konfirmasjonsdag	Presentasjonsgudsteneste
4.mai, Nore Neset kyrkje	Søndag 3.sept, Nore Neset kyrkje kl 11.00
5.mai, Os kyrkje	Søndag 10.sept, Os kyrkje kl 11.00
11.mai, Os kyrkje	Søndag 1.okt, Os kyrkje kl 11.15
12.mai, Nore neset kyrkje	Søndag 17.sept, Nore Neset kyrkje kl 11.00
Konfirmanter med adresse Søfteland	Søfteland bedehus 17.sept, kl 17.00

Obs: Konfirmantar med adresse Søfteland skal altså sjå vekk ifrå konfirmasjonsdag når det gjeld presentasjonsdato, men halde seg til **17.sept, kl 17.00**, på **Søfteland bedehus**.

Foreldrebidrag

Vi er svært takknemlege for alle føresette som har meldt seg til å hjelpe til på onsdagar. Oversikt over kven som er sett opp på kva onsdag kjem på epost i løpet av august. Elles tek vi kontakt når det er behov for bakst eller andre foreldrebidrag undervegs.

Obs: Vi minner om foreldremøte:

Foreldre til konfirmanter som går på Os ungdomskule:

Onsdag 23.august kl 19.00, Storsalen, Tunet kyrkje- og kultursenter.

Foreldre til konfirmanter som går på Nore Neset ungdomsskule:

Torsdag 24.august kl 19.00, Nore Neset kyrkje

Gudstenester

Konfirmanten skal gå på 8 gudstenester i løpet av året.

Av desse 8 er 4 av dei allereie i vårt program for konfirmanten. Desse 4 er: **AVSPARK-gudstenesta, presentasjonsgudstenesta, lysmesse i desember og fasteaksjonsgudsteneste 26.mars**. Dersom konfirmanten ikkje kan komme på ein av desse obligatoriske samlingane med gudstenester, tek dei ei ekstra valfri gudstenesta i staden.

Etter dette sit dei att med 4 gudstenester dei sjølve skal gå på **valfrie søndagar**, eller nokre av Happening'ane (enkelte ungdomsarr/fredagar i Tunet) som vi tilbyr som gudsteneste.

Leir

Leir er veldig kjekt, både for konfirmantane og oss. Dette ser vi fram til, og ønskjer at konfirmantane skal få del i. I år kan vi tilby to leirer; Camp Vestland og Raknestunet.

Samtidig vil vi legge til rette for moglegheiten til å delta på leir sjølv om det er utfordringar med å overnatte eller at ein har veldig travle dagar. Det tilbyr vi gjennom «Bu heime»-leiren.

Camp Vestland/Framnes: 8.-12.okt

Dette er ein leir som KFUK-M arrangerer, og saman med mange andre konfirmantgrupper i regionen (ca 3-400 stk)

Pris: 1950,-

Raknestunet: 3.- 5.nov

Dette er ein leir på ein leirstad på Osterøy. Her deltek berre «våre» konfirmanter.

Ca 65 stk.

Pris: 850,-

Bu – heime – leir: 2.- 4.februar

Dette er ein leir for deg som har det travelt i helgene, eller av andre grunnar ikkje kan ein av dei andre leirane. Opplegget her er ikkje bestemt enda.

Pris: 300,-

Fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars er vårens store prosjekt for konfirmantane.

Helga 16.-17.mars blir ei viktig helg med konfirmantaktiviteter og innsamlingsaksjon. Vi er usikre på om det blir aktiviteter på lørdagen, men vi ber dykk om å halde av helga.

Pris og betaling

Alle konfirmantar betaler 1500,- for konfirmantåret (*bibel, undervisningsmateriell, leige av kapper, utgifter ved arrangement, leir + anna utstyr*)

Ekstra utgifter ved leirene kjem i tillegg.

Det vert sendt ut epost med lenke til betaling av konfirmantåret. Betaling for leir, kjem vi som sagt tilbake til.

Hjarteleg helsing

Gro Helen B. Skjælaaen

Kateket

Tlf: 41278575

Epost: os.konfirmant@kyrkja.no